

Nissen (*Barnebladet Magne Julen 1919 og julen 1939*)

Paa garden hans farfar der kan du tru det var
ein underleg figur, ein liten nisse rar.
Paa laaven og i fjøset der stuilla han ikring,-
men ellers saa gjorde han vist ingen verdens ting.

I fjøset der stod kyrne so blanke so det skein
for nissen det var kar du, som heldt dei blank og rein
men bjøllekua, Dagros, ho var likast lel,
ho melka bøtt breidfull kvar morgon og kvar kveld.

Og nissen han er liten, og skjegg han har so fint,
og smiler gjer han tidast, nmen naar ha so vert sint,
då gneistrar det or augo., han fræser som en katt
og daa kan det ta tid, fyrr han blidkar seg att.

Ho gamle Mari stulla med nissen godt i lag,
og gjerne stakk ho til han en godbet kvar ein dag;
men jolekvelden fekk han ein graut som vist sa sju,
for aldri stellte nissen so godt med hest og ku.- -

So kom der andre tider, ho Mari slutta laut,
og sidan vart det mindre med godbitar og graut.
For Randi, som kom etter, var berre ungen, hu,
paa nissen fekk du hende slett ikkje til at tru. - -

Og no sit nissen sturen, so gamal og so graa,
og gamle duskelua den har han enno paa; -
men kjem det nokon, smyg ha seg unna fort og bratt - -
so no trur folket helst at det berra var ein katt.